



HJELMELAND
KOMMUNE

Bondeposten

1/2025 – 31. årgang



Innhald

Produksjonstilskot – utbetaling 2024 og ny omgang mars 2025	3
Kantsone mot vassdrag	3
Regelverk for sprøyting – forskrift om plantevernmidlar	4
RMP – regionalt miljøtilskot	4
Ny forskrift om gjødselbruk.....	7
SMIL-midlar til permanent dekke/tak over eksisterande gjødsellager	7
Søknad om nydyrking – digital løysing i AGROS	8
Tilskot til drenering.....	8
Kommunalt tilskot til næringslivet	8
IBU-midlar frå Innovasjon Norge – rekordstor etterspurnad i 2025.....	8
Flytting av jord – unngå spreiding av planteskadegjerarar og ugras.....	8
Skog	9
Klimatiltak for skogeigarar	9
Flyfotografering i Ryfylke	10
Planar på høyring.....	10
Kurs/møte.....	10
Autorisasjonskurs – plantevern.....	10
Landbrukskonferanse 17. mars	10
Kortreist 29. mars.....	10
Bondens nettverk	11

Produksjonstilskot – utbetaling 2024 og ny omgang mars 2025

Det var utbetaling av pt 12.02.25 . Klagefrist var 3 veker frå de fekk melding om vedtak, dvs. 5.mars.

Nå er det ny søknadsomgang. **Telldato 1. mars. Søknadsfrist 15. mars!**

Det er dei som har husdyr som søker nå. Driv du berre areal og ikkje med husdyr, ventar du til oktoberomgangen.

Ang søknad – dersom du har noko som er «spesielt» i dyrehaldet ditt, så er det høve til å skrive merknad i søknaden. Då ser saksbehandlar merknaden som kan forklare ein situasjon.

Har du for eksempel ein del lam, eller tomme sauer som skal slaktast i mars, er det fint du skriv opp talet og kva det gjeld i merknadsfeltet. Det same gjeld om du har mykje påsett og desse ikkje er para. Årsaka til at me ber om merknad er at kommunen skal vurdere om sauehaldet er vanleg jordbruksproduksjon og då ser ein bla på avdrått i form av tal slakta lam om hausten i forhold til tal sauer «født i fjor eller tidlegare» pr 1. mars. Dersom mange av dyra du har pr 1. mars ikkje er dyr som skal lemme i vår, blir reknestykket fort skeivt. Dersom du skriv merknad, slepp kommunen mase om dette når me skal saksbehandle søknadane seinare.

Kyr – mjølkekyr og ammekyr skal ha kalva siste 15 md for at dei skal reknast som kyr. Er det lengre tid sidan sist kalving, skal dei reknast som øvrige storfe. (Bevaringsverdige kyr skal ha kalva i løpet av siste 18 md). Kommunen sjekkar søknad mot HUSDYRREGISTERET når det gjeld kyr og storfe. Pass difor på å oppdatere dyretalet ditt.

Viktige datoar

1. mars	teljedato produksjonstilskot del 1
15. mars	søknadsfrist produksjonstilskot del 1
15. mars	søknadsfrist organisert beitebruk – tiltak i beiteområde
29. mars	Siste frist for eventuelle endringar i innlevert søknad om prod.tilskot del 1
15. april	Søknad om kommunalt tilskot til næringsføremål
10. aug	siste frist for spreieing av husdyrgjødsel dersom ein søker om miljøvenleg spreieing
1. sep	siste frist spreieing av husdyrgjødsel viss ikkje søker RMP miljøvennleg spreieing (15. sept ny forskrift, her har Statsforvaltar varsla lokal forskrift med frist 1. sept for alle i Rogaland)
1. okt	Teljedato produksjonstilskot del 2
15. okt	Søknadsfrist produksjonstilskot del 2
15. okt	Søknadsfrist RMP
15. okt	Søknadsfrist kommunalt tilskot til næringsføremål
29. okt	Siste frist for endring av søknad – produksjonstilskot del 2 og RMP
31. okt	Frist for søknad erstatning ved produksjonssvikt
15. nov	Søknadsfrist organisert beitebruk

Hjelmeland har ikkje søknadsfrist for SMIL-søknadar eller tilskot til drenering. Men skal ein få det med på det kalenderåret ein søker, må kommunen seinast ha søknaden inn i løpet av november.

Kantsone mot vassdrag

Det er viktig å ta vare på kantsone langs vassdrag, og den skal vera minst 2 m brei, (horisontal) der det er dyrka jord. Der skal det ikkje pløyast, spreieast eller sprøytast. Dette er eit minimumskrav for å få arealtilskot til omsøkt areal i søknad om produksjonstilskot.

Ved søknad om nydyrking, er minstekravet til sona som ikkje skal dyrkast mot vassdrag 6 meter. I godkjenning av spreieareal er minstekravet til sone mot vassdrag der ein ikkje kan spreie skit, 6

meter.

Så er her andre mål på sone i RMP, kantsone i eng som ikkje skal gjødslast dersom ein skal få det tilskotet, sjå eigen artikkel.

Vassressurslova har og vilkår til kantvegetasjon langs vassdrag. Dersom ein skal fjerne kantvegetasjon langs vassdrag er det søknadspliktig. § 11 i vassressurslova seier ein skal oppretthalde eit naturleg vegetasjonsbelte langs vassdrag som motverkar avrenning og gir levestad for planter og dyr. Her er ikkje sagt noko om breidda, anna enn at den skal ivareta økologiske funksjonar. Kravet om å oppretthalde kantvegetasjon er ikkje til hinder for at kantvegetasjonen kan haustast/skjøttast ved plukkhogst.

Regelverk for sprøyting – forskrift om plantevernmidlar

Spreiing av plantevernmidlar i kantsoner i og rundt innmark og på åkerholmar er forbode. Forbode omfattar ikkje direkte stubbebehandling. For anna spreiiing enn direkte stubbebehandling kan det gis løyve dersom det er eit ledd i skjøtselen av kulturlandskapet. Mattilsynet kan delegerere myndigheit til å fatte vedtak om slikt løyve til kommunen.

Jordleige

Kommunen skal ha kopi av jordleigeavtalar. Den som eig jordbruksjord har driveplikt. Enten må ein drive sjølv, eller leige bort. Jordleigeavtale skal vere på 10 år utan høve for eigar å seie opp avtalen. All jorda skal drivast, både dyrka jord og innmarksbeite. Det er ikkje nok å leige bort dyrka jord og så ligg innmarksbeite brakk. Då fyller du ikkje driveplikta. Kommunane har i oppdrag å følgje opp driveplikta.

RMP – regionalt miljøtilskot

Utbetalingsbrev 1.3.25, sjølv utbetalinga vert 13.3. Klagefrist 3 veker frå utbetalingsbrevet vart sendt dvs. frå 1.3.

RMP 2025

Dei tiltaka som ein skal søkje tilskot til hausten 2025, gjennomfører ein gjennom heile sesongen. Bla er her ulike ordningar som gjeld gjødsling. Her er bla info om miljøtiltaka i Regionalt miljøprogram (RMP) som skal redusere forureining og betre vassmiljøet.

Ordningar for å minske avrenning av næringsstoff til vatn

I Rogaland er avrenning frå jordbruk ei av dei viktigaste kjeldene til at mange vassdrag ikkje har god økologisk tilstand. Dette gjeld særleg i dei sentrale jordbruksområda på Jæren og på Haugalandet, og blir spegla med tiltak i RMP. Tilskotsordninga RMP skal legge til rette for frivillige tiltak slik at påverknaden frå jordbruket blir redusert.

95 prosent av jordbruksarealet i Rogaland er gras. Utfordringane her er i stor grad knytt til avrenning frå gjødsling, rutinar rundt gjødsling og fosfortilstanden i jorda og avrenning av andre næringsstoff. Der det er open åker vil erosjon utgjere større fare for tap av jord og næringsstoff til vassdrag.

Viss du vil vite meir om vassførekomstane kan du gå inn på vann-nett.no, og finne alle vassdraga sin tilstand og påverknadskjelder.

Kantsoner på jordbruksareal

§19 Grasdekt kantsone i åker

Det blir gitt tilskot til å etablere og skjøtte grassoner på teigar med open åker langs vassdrag.

Grassona skal ligge mellom vegetasjonssona/kantsona og åkerveksten. Avstanden mellom vassdraget og dyrka marka kan ikkje overstige 8 meter for å utløyse tilskot, sjå figur 1.

Grassona skal vere minst 8 meter brei. Minimum 6 meter av denne grassona skal ligge på fulldyrka areal. Difor kan den grassona som ein søker tilskot for ligge delvis eller fullstendig på dyrka marka. Grassona skal bestå av fleirårig gras. Grassona skal ikkje gjødslast eller sprøytast, og skal haustast anten ved slått eller beite. Jordarbeiding og såing skal ved behov skje mellom 1. mars og 1. juli.

I regelverket for produksjons- og avløysartilskot er det krav om ei vegetasjonssone på minst 2 meter langs vassdrag med årssikker vassføring. Samtidig må søkerar vere merksam på at denne sona er omfatta av vassressurslova.

Søkarar må minimum ha 50 meter grasdekt kantsone for å utløyse tilskot.


§20 Kantsone i eng

Det er tilskot til å halde ugjødsla kantsone i eng langs vassdrag. Avstanden mellom vassdrag og dyrka marka skal ikkje overstige 8 meter for å utløyse tilskot, sjå figur 1.

Grassona skal vere minst 6 meter brei, minimum 4 meter av denne grassona skal ligge på fulldyrka areal. Difor kan grassona som ein søker tilskot for ligge delvis eller fullstendig på dyrka marka. Grassona skal bestå av fleirårig gras. Grassona skal ikkje gjødslast eller sprøytast. Grassona skal haustast anten ved slått eller beite. Jordarbeiding og såing skal ved behov skje mellom 1. mars og 1. juli.

I regelverket for produksjons- og avløysartilskot er det krav om ei vegetasjonssone på minst 2 meter langs vassdrag med årssikker vassføring. Samtidig må søkerar vere merksam på at denne sona er omfatta av vassressurslova.

Søkarar må minimum ha 50 meter grasdekt kantsone for å utløyse tilskot.



Figur 1: Avstanden mellom vassdrag og dyrka marka kan ikkje overstige 8 meter for å ha rett på tilskot, dette betyr at den naturlege kantsona/vegetasjonssona mellom vassdraget og dyrka marka ikkje kan overstige 8 meter for å utløyse kantsone-tilskota (§19 og §20).

Gras for å hindre erosjon i open åker

§21 Grasdekte vassveggar og grasstripe i åker

Det blir gitt tilskot til fleirårig grasdekte vassveggar på åkerareal. Med dette meinast områda på åkeren der vatn renn og samlar seg,. Grasdekket skal vere minimum 6 meter breitt. Arealet skal bestå av fleirårige grasartar. Kvar line som teiknast inn i søknaden må oppfylle vilkår om minimum bredde på 6 meter.

Grasstripe i åker

Det blir også gitt tilskot for grasstripe på tvers av fallet i lange hellingar. Grasdekke på tvers av fallretninga skal minimum vere to meter breitt. Det er eit krav om åkerproduksjon på begge sidene av grasstripa. Viss grasstripa er breiare enn det som er minimum breidde på 2 meter, er det mogleg i RMP-søknaden å teikne inn 2 parallelle grasstriper. Dette betyr at viss det til dømes er etablert ei grasstripe med ein breidde på 4 meter eller meir, er det mogleg å teikne inn to parallelle liner i søknaden.

For både grasdekke vassvegar og grasstripe i åker skal fornying, jordarbeiding og såing skje mellom 1. mars og 1. juli.

Ordningar for å minske utslepp til luft

Tap av nitrogen til luft skjer både gjennom lagring og bruk av husdyrgjødsel. Gjennom å nytte spreieutstyr som anten legg gjødsel direkte på bakken eller skyt den ned i jorda kan tapa reduserast. I tillegg vil vasstilsetting av gjødsel betre infiltrasjonen slik at faren for overflateavrenning blir mindre. I Rogaland er miljøvenleg gjødselspreiing òg eit viktig tiltak for å minske næringstap til vassdrag.

For ordningane §21 nedfelling av husdyrgjødsel og §22 nedlegging av husdyrgjødsel gjeld dei same vilkåra. Det skal maksimalt spreiest 6 tonn per dekar vassinnblanda husdyrgjødsel per spreining. Den som søker tilskot skal ha årleg gjødslingsplan og skiftenoteringar som viser spreiedato og mengd gjødsel spreidd per dekar. All bruk av gjødsel skal kome fram av gjødslingsplanen.

Siste spreiedato på areal det er søkt tilskot til er 10. august. Arealet skal haustast eller beitast etter siste spreining. Det er den som disponerer arealet som skal søke tilskot. **All bruk av husdyrgjødsel på areal det blir søkt tilskot til skal vere spreidd med miljøvenleg metode.**

§21 Nedfelling av husdyrgjødsel

Det blir gitt tilskot til spreining av husdyrgjødsel ved nedfelling på fulldyrka eller overflatedyrka areal.

§22 Nedlegging av husdyrgjødsel

Det blir gitt tilskot til spreining av husdyrgjødsel ved nedlegging på fulldyrka eller overflatedyrka areal.

§23 Spreiing av husdyrgjødsel med tilføringslange

Det blir gitt ekstra tilskot til dei som bruker tilføringslange ved nedlegging eller nedfelling av husdyrgjødsel. Tilføringslange må ha blitt brukt ved alle gjødslingane på arealet i søknadsåret.

Når du skal føre inn dette tiltaket i søknaden må du først teikne inn området du har brukt nedfelling/nedlegging. Dette tiltaket kan berre teiknast inne kor det allereie er teikna inn nedfelling eller nedlegging.

Jord og jordhelse

Fangvekstar er vekstar som blir sådd samtidig med, eller etter hausting av grønsaker, potet eller rotvekstar eller korn, oljevekstar, radkulturar eller mais. Formålet med fangvekstar er å samle opp næringsstoff og redusere jorderosjonen etter at hovudveksten er hausta. Det blir ikkje gitt tilskot til gjenlegg, det vil seie at fangveksten ikkje kan vere hovudkultur året etter.

Nytt vipetilskot

Dersom du har fleire vipereir på eigedommen kan det var at du kan søkje om det nye vipetilskotet. Gi i så fall beskjed til kommunen innan 15. april

Ny forskrift om gjødselbruk

Ny gjødselbruksforskrift gjeld frå 1.2.2025. Her står meir om dette på [nettsida til Landbruksdirektoratet](#). Noko gjeld frå 01.02.2025, andre ting har overgangsordning.

Her er endringar i høve til kor mykje forfor, P, ein kan tilføre, endringar i høve til spreietidspunkt og godkjenning av spreieareal mm.

Tilført mengde P pr da på innmarksbeite gjeld allereie frå i år, medan på dyrka/overflatedyrka jord startar endringa fom 2027 og endrast i fleire år. På innmarksbeite godkjent som spreieareal kan ein tilføre inntil 2 kg P/da/år (nettoareal), og det skal ikkje spreiest nærare enn 6 m frå vassdrag. Forformengda ein kan spreie er nå sum av husdyrgjødsel og kunstgjødsel.

Andre endringar

Dispensasjon frå spreiefrist er det Statsforvaltaren som behandlar.

Det er høve til å søkje om å bruke gjødsel til opparbeiding av nytt innmarksbeite. Kommunen kan gi ein tidsavgrensa dispensasjon for å bruke gjødsel til etablering av beite. Ved vurdering av søknad skal ein legge vekt på verknad av gjødslinga på natur- og kulturlandskapsverdiar og om gjødslinga kan skje på ein forsvarleg måte.

Godkjenningar som er gjort av beite som spreieareal gjeld vidare så lenge arealet framleis er innmarksbeite i AR5 (gardskartet) og blir beita.

Fom 2028 må ein og ha godkjent beite som spreieareal dersom ein skal spreie kunstgjødsel.

Nye krav til gjødslingsplan og gjødseljournal trer i kraft 1. januar 2026.

Ny [kalkulator](#) for å rekne ut spreieing av P, og spreieareal.

Gjødsellager

Det er kvar enkelt som er ansvarleg for å ha gjødsellager nok til gjødsla ein får i sin produksjon. Det er krav i forskrift at ein har tilgang på minst 8 md lagerkapasitet.

Det er og kvart enkelt føretak som har ansvar for at gjødsellagera er tette mm.

Med ujamne mellomrom skjer her uhell pga at gjødselportar ryk, murar ryk eller anna teknisk utstyr sviktar. Det røyner sjølvstapt mest på når lagera er fullast, og konsekvensane er difor ofte store. Det kan vere mykje gjødsel som kjem på avvegjar og forureinar både jord og vassdrag, og ein mister ein stor ressurs i høve til næring til planteproduksjon.

Finerplater i gjødselportar har ikkje uendeleg levetid. Eventuelt reparaasjonar, utskiftingar, kontroll av gjødsellager passar å gjere når gjødsellageret er mest mogleg tømt, dvs. etter gjødselkøyning i vekstsesongen.

Dersom uhellet skulle vere ute, er du plikta til å varsle til kommunen som er forureiningsmyndigheit. Ved akutt forureining skal ein ringe 110 (Brannvesenet) og varsle om hendinga.

SMIL-midlar til permanent dekke/tak over eksisterande gjødsellager

Prosjektet "SMIL til lokk på skiten 2025" skal motivere bønder i heile fylket til å investere i permanent dekke/tak over utvendig gjødsellager som har vore i bruk i minst 5 år. Prosjektet inngår i Rogaland si satsing på å redusere utslepp av klimagassar frå landbruket. Søkjar bør ha minst 10 månadar med lagringskapasitet på sine gjødsellager. Statsforvaltaren sin tilrådde tilskotsats pr. SMIL-søknad som berre vil gjelde for 2025, - er inntil 40% av godkjend kostnadsoverslag avgrensa til maksimalt kr. 200 000,- i SMIL-tilskot.

Søknad om nydyrking – digital løysing i AGROS

Fom 6. januar er det digital løysing for søknad om godkjenning av nydyrking. Du søker via Altinn, slik som du søker om produksjonstilskot, SMIL-midlar, drenering mm.

Når dyrkingsprosjekt, og landbruksveggar, ein har fått løyve til er ferdige, meld frå til kommunen.

Tilskot til drenering

Du kan få tilskot til drenering av tidlegare drenert/planert areal. Tilskotet er kr 4000,- pr da og kr 61,- pr meter grøft for anna drenering. Du må søkje på førehand, før du gjer jobben. Normalt får du 3 års frist dersom du får løyving. Det er difor lurt å planlegge og søkje i god tid.

Kommunalt tilskot til næringslivet

Bedrifter i Hjelmeland kan søkja tilskot til næringsføremål. Du finn meir på [heimesida til kommunen](#).

Etablering av ny næring eller investeringstiltak. Søknadsfrist 15. april og 15. oktober.

Ombygging frå båsfjøs til lausdrift for mjølkeproduksjon skal ha prioritet i perioden 2024-2027. Her kan ein gi maksimalt 10 % tilskot av godkjent kostnadsoverslag.

Har du spørsmål om ordninga kan du ta kontakt med Torborg Kleppa, tlf. 404 39 123.

IBU-midlar frå Innovasjon Norge – rekordstor etterspurnad i 2025

Innovasjon Norge har motteke mange søknadar, det er sjeldan høgt trykk og det vil bli uvanleg tidleg tomt for midlar. (publisert frå SF 16.01.25.)

Prioriteringar er mjølkefjøs til inntil 30 kyr med basis ei eiga kvote og grovfôrgrunnlag. For sau og kjøtfe må det vera innan eksisterande produksjon og med særleg fokus på dyrevelferd. Sjå elles nettsida til [IN for meir informasjon](#), under Rogaland.

Flytting av jord – unngå spreieing av planteskadegjerarar og ugras

Gjeld matjord og jordmassar under ned til 60 cm. Planteskadegjerarar og ugras kan bli spreidd ved flytting av jord, og med restar av jord, planter og frø på maskinar og utstyr. Nokre planteskadegjerarar og eit ugras er regulert i lovar og forskrifter, som Mattilsynet forvaltar. Dette gjeld skadegjerarar som har vesentleg samfunnsmessig konsekvensar, som potetcystenematoder (PCN) og floghavre. Det er difor viktig for både planleggarar og entreprenørar, og andre partar i prosjekt å innføre tiltak for å unngå spreieing.

Råd frå Mattilsynet:

1. Inkluder plantehelserisiko i planarbeid av både anleggsarbeid og jordflytting. Det er forbode å flytte jord med PCN og/eller floghavre. I større prosjekt er det spesielt viktig med god koordinering og informasjonsoverføring.
2. Kartlegging før oppstart. Sjekk om eigedomen har kjende førekomstar i alle fall av potetcystenematode og floghavre. Mattilsynet har register/oversikt.
3. Kva tid må du ta prøve for potetcystenematode (PCN)? Viss eigedomen ikkje står oppført i PCN-registeret må det takast jordprøve for å finna ut om jorda inneheld PCN. I nokre tilfelle treng ein ikkje ta prøve – viss eigedomen tidlegare er testa negativ og det ikkje er dyrka potet der etterpå og heller ikkje er tilført jord, viss jorda skal flyttast innafor same eigedom, viss jorda blir flytta frå skogområde, utmark ol.
4. Reingjering av maskinar og utstyr.
5. Handtering av jord med kjend førekomst av PCN/floghavre. Matjorda bør takast vare på sjølv om

ho kjem frå eigedomar med påvist PCN eller floghavre. Mattilsynet kan gi løyve til å bruka slik jord under visse vilkår.

6. Framande arter. For eksempel hønsehirse, parkslirekne og kjempespringfrø kan spreist ved flytting av jord. Slike artar kan ha negative effetar på miljøet.

Meir om flytting av jord på [Mattilsynet](#) si nettside.

Avløyising ved sjukdom, fødsel, sjuke barn mv – auka dagsats fom 2025

Maksimal dagsats for tilskot til avløyising ved sjukdom mm har nå auka til kr 2600,- pr dag, Hugs å sende inn krav til NAV innan fristen på 3 månadar dersom du er sjukemeldt ut over 16 dagar.

Dagsatsen i jordbruk er no så høg at det kan svare seg å rekne på om det er noko å hente også etter dei 16 første dagane av sjukeperioden sjølv om du får berekna høg sjukepengesats frå NAV. Tabell 9,3 frå jordbruksavtale viser oversikt over tilskot og dagsats. Dagsatsen varierer utifrå dyretalet på tidspunktet ein blei sjuk. Søknadsfrist i jordbruket er 1 år etter siste dag i den perioden det vert søkt tilskot for.

Tabell 9.3 Foretakets maksimale dagsats

Tilskuddsgrunnlag:	Maksimal dagsats, kr.
kr. 5 000 – 12 000	862
kr. 12 001 – 18 000	1 253
kr. 18 001 – 24 000	1 677
kr. 24 001 – 30 000	2 100
kr. > 30 000	2 600

Skog

Klimatiltak for skogeigarar

Miljødirektoratet har laga ein oversikt over tiltak som aukar og tek vare på CO₂-opptaket til skog- og arealbrukssektoren. Skogen er den viktigaste ressursen me har i Norge til å ta opp CO₂ og bind om lag 37 % av Norge sine CO₂-utslepp. I tillegg til at det er bra for klima er det og bra for lommeboka til skogeigar som produserer meir og betre tømmer.

Dei viktigaste tiltaka i Rogaland er:

* Tilfredsstillande foryngelse etter hogst for å få opp ny skog med tilsvarande produksjon. I Rogaland står ein betydeleg del av hogstane utan foryngelse etter 3 år, eller at hogstflaten blir omdisponert.

* Ungskogpleie blir det gjort for lite av. På dei høge bonitetane langs kysten er ungskogpleie aktuelt både to og tre gonger for å få utnytta produksjonen best mogleg. Ungskogpleie gir betre vekst, kvalitet og stabilitet i skogen.

* Hogsttidspunkt. Vent til skogen er hogstmoden. Statistikken for Rogaland viser at mange hogge skogen ein del tidlegare enn det ein bør. Blir det hogd for tidleg glepper ganske store verdiar i form av CO₂- opptak og verdiar til skogeigaren.

Jakt – ettersøk og søknadsfristar

Informasjon om ny ordning for kommunalt ettersøk - nytt telefonnummer viltelefon er 911 39 919.

Me har gjort avtale med Strand og Hjelmeland JFF om ettersøk av skadd hjortevilt. Oppdatert informasjon finn du på [heimesida](#) til Hjelmeland kommune.

Søknad om endring av vald, fråvik frå minstearealet, godkjenning av nye vald og bestandsplanområde og godkjenning av bestandsplanar – frist 1. mai.

Flyfotografering i Ryfylke

I løpet av våren skal deler av Hjelmeland flyfotograferast, noko som vil resultere i nye flyfoto i dei ulike kartløyningane mot slutten av året. I forkant av fotograferinga må det registrerast punkt/signal på bakken. Dette skal skje i løpet av dei næraste vekene, noko som betyr at du kan treffe landmålarar på eigedomen din som male kvite firkantar på bakken. Ta godt i mot dei og la merka vere i fred – dei er nødvendige for den flyfotograferinga som skal skje. Ønskjer du meir informasjon kan du sjå på [kommunen i nettside](#)

Planar på høyring

Etter handsaming i kommunestyret 20.2, er **forslag til revidert kommuneplan samfunnsdel 25-37 ute på høyring fram til 16.4.25**. Planen er kommunen sitt øvste styringsdokument, og seier noko om korleis me ynskjer å utvikla samfunnet vidare. Siste kapittel er arealstrategi, dvs prioriteringar i forhold til utarbeiding av kommuneplanen sin arealdel. Arbeid med revisjon av arealdelen startar opp til hausten.

Etter handsaming i kommunestyret 20.2, er forslag til kommunedelplan for byggeråstoff og massehandtering ute på høyring. Planen er ein temaplan, som skal gi føringar om kva framtidige område for sand, grus, pukk og naturstein som skal vurderast ved revisjon av kommuneplanen sin arealdel. Frist for merknad er også her 16.4.25.

I høyringsfasen er det invitert til i alt 4 informasjonsmøte. Møtet i Jøsenfjorden var 11.3. Dei attståande er Jøsneset 20.3. kl. 18.00, Hjelmeland 25.3 kl. 18.00 og Årdal 26.3.kl 19.30. Møtet på Hjelmeland vert også overført på nett.

Les meir om planane og høve til å koma med merknad her [Kommuneplanar under arbeid - Hjelmeland kommune](#)

Kurs/møte

Autorisasjonskurs – plantevern

Her er [Lenke til kalenderen til NLR](#) for kurs mm.

Elles er det mogleg for dei som vil fornye autorisasjonsbeviset å ta både kurset og eksamen på nett, du finn meir om dette på [Mattilsynet si nettside](#).

Landbrukskonferanse 17. mars

IMI i Stavanger, i regi av Statsforvaltar, Rogland Fylkeskommune, KS, Rogaland landbruksselskap mfl. Matsikkerheit, beredskap, klima, energi og jordvern er tema.

Kortreist 29. mars

Gladmat arrangerer lokalmatdagen kortreist. Her er fleire produsentar i Hjelmeland som har ope og ulike aktivitetar denne dagen. Her er [program](#).



BONDENS NETTVERK

Hjelmeland kommune

Bonden har eit stort ansvar kvar einaste dag. For alle bønder kan det oppstå situasjonar eller enkelthendingar som kan vere vanskelege å handtere åleine. Det er ikkje uvanleg at ein mistar evna til å tenkje klårt når ein er i ein vanskeleg situasjon, anten det er ei akutt krise eller ein belastande situasjon som tærer over tid. Det er nettopp det Bondens Nettverk kan hjelpa med; få oversikt og leggja ein plan for å normalisera situasjonen.

Ta kontakt anten du sjølv er i ein vanskeleg situasjon eller du er bekymra for nokon andre:

Anne Kari Skogerbø : 404 39 126, Hjelmeland kommune, Landbruk

Anita Jensen: 416 94 657, Norsk landbruksrådgiving

Sven Gil Westersjø : 928 62 410, Hjelmeland Sau og Geit

Marta Ommundsen : 404 39 076, Hjelmeland kommune, Helse

Gunnar Bø: 934 01 147, Hjelmeland Bondelag

Teleplikta vil bli ivareteken.

